

## Orientering til elveigarane og fiskeinteresserte

På grunn av den negative bestandsutvikling dei siste åra der gytebestandsmålet ikkje vert oppnådd, saman med därleg prognose for tilbakevandring , valde begge elveigarlaget å halda elva stengd også i år.

Arbeidet med å få på plass eit nasjonalt pilotprosjekt for Hardangerfjorden går sin gang, men etter vår meining går framdrifta for seint , og tiltaka let soleis venta på seg. Finansieringa av prosjektet synest no å vera på plass ved at oppdrettsnæringa har forplikta seg til å betala. Hensikten med pilopprosjektet er å gjennomføra ein del strakstiltak som skal betra tilhøva for sjøaure og villaks. Prosjektet vert leia av Jens Chr. Holm frå Fiskeridirektoratet saman med ei styringsgruppe samansett av representantar frå forskning, forvaltning,oppdrettsnæringa og villfiskinteressene. Vidare er det fire arbeidsgrupper som har ansvar for lakselus,rømd oppdrettslaks, vassdrag og kultivering.

Representantar frå Etne Elveigarlag og Etne JFF har vore med i desse arbeidsgruppene med prioritert på gruppa røming med tanke på fangstfelle , og gruppa kultivering med tanke på klekkeriet.

Plasseringa av ei fangstfelle, valg av type , organisering av drifta , søknader og formelle godkjenningar har teke lang tid, og gjer at fella ikkje kjem på plass dette året.

Også i år skal det takast materiale frå Etne til den levande genbanken i Eidfjord , og fylkesmannen har git løyve til stamfiske i heile Etnevassdraget. Fylkesmannen også gitt løyve til utfiske av rømd oppdrettslaks i heile Etnevassdraget.

Fylkesmannen krev at utfisket skal avklarast med kvar enkelt grunneigar / fiskerettshavar.

Dersom nokon grunneigar vil motsetja seg utfiske på sin eigedom ber me om å bli varsle om dette snarast og innan 10. august.

Utfisket av rømd oppdrettslaks vert i år organisert på ein annan måte ved at Pilotprosjektet har avtale med UNI miljø om ansvaret for utfiske i heile Hardangerfjordsystemet.

UNI miljø ved Bjørn Barlaup, Tore Wiers og Gunnar Lehmann er godt kjende i Etne etter mange års arbeid med telling,stamfiske og liknande.

Utfisket skal gjennomførast ved bruk av lokale uttaksggrupper som består av dykkarar med garn og håv, og ved ordinært stangfiske . UNI miljø leiar arbeidet og legg opp til eit tett samarbeid med lokale dykkerar og fiskarar og vil nytta seg av dei same fiskegruppene og organiseringa av fisket som tidlegare år. I tillegg til utfiske i elv skal det også i år driftast to kilenøter i fjorden.

Før utfisket av rømlingar startar skal det haldast kurs for deltakarane.

Rekninga på kr. 343.000.- til dekking av kostnadene med utfiske i 2010 er no betalt av oppdrettsnæringa. Beløpet er sett inn på eigen konto og skal nyttast til kultiveringstiltak til beste for villfisken i heile Etnevassdraget. Det er enighet om at også godtgjersla for årets utfiske skal inn på samme kontoen og nyttast til samme formål. Fleire interessegrupper vert tekne med i beslutningsprosessen for bruken av pengane. Kom gjerne med framlegg til bruk av pengane.

I Direktoratet for naturforvaltning sin handlingsplan for restaurering av laksetrappene (2011 – 2015) er Håfoss oppført med eit tilskot på kr. 190.000.- og Torefoss med kr. 180.000.-

Frå Hordaland Fylke er det i år tilslagn om kr. 100.000.- til restaurering av trappene i Håfoss, og kr. 115.000.- til fisketeljar i Håfoss.

Hordaland Fylke har også gitt tilslagn om tilskot til etablering av eit depot av utstyr til utfiske lokalisert til Etne.

I veke 30 kjem ein representant frå DN på synfaring av trappene i begge det to fossane.

For å hindra ulovleg fiske er det viktig at grunneigarane held eit auga med kva som skjer i og langs elva . Har ein mistanke om ulovleg fiske i sjø, elv eller vatn kan ein kontakta Statens Naturoppsyn , Ragnar Kaldheim på tlf. 90 89 37 38.

Som me tidlegare har peika på er det viktig at området langs elva og på fiskeplassane ikkje gror til med vegetasjon. Me har enno mykje å henta på å leggja betre til rette for fiske og oppleveling langs elva. Me vil oppmoda grunneigarane om å ta eit krafttak på skogrydding og tilrettelegging slik at fiskeplassen og området langs elva vert meir tiltalande også med tanke på oppleveling. Husk ar ein tiltalande og godt tilrettelagd fiskeplass kan prisast høgare.

Ein dognadsjeng står klar til å utføra slikt arbeid no i haust ,og gjerne ein ny runde til våren. Dei som ikkje har høve til å utføra dette arbeidet sjølv kan varsle slik at dognadsjengen kan utføra arbeidet etter anvisning og noko hjelp frå grunneigaren. Ta kontakt med Vidar snarast.

Observasjonar i elva hittil kan tyda på større oppgang av fisk enn i fjor. Det vert spennande å sjå om gytefisktellinga til hausten saman med prognose for tilbakevandring neste år kan gi håp om opning av fisket i 2012.

Tida er uansett inne til å ta ein gjennomgang av fiskereglane der ein i langt større grad må ta omsyn til bestandsituasjonen med klare begrensingar på uttak av fisk og bruken av redskap ved m.a. å føreslå tiltak som :

- døgnkvote på berre ein fisk pr. sone/stang
- freding av sjøaure
- sesongkvote på t.d. 5 laks over 5 kg. pr.person
- forbud mot spinnar og mark i heile eller deler av vassdraget
- forbud mot redskap som er eigna til røkking
- fiskestopp mellom kl. 12.00 og 18,00
- gjennutsetting av fisk (hofisk)
- andre tiltak.

Fiskereglane vert fastsett av årsmøtet men kom gjerne med inspel allerede no.

Bruken av internett og e-post er aktuelt også for oss , og dei som har e-postadresse vert beden om å senda den til : [vidar.borretzen@gmail.com](mailto:vidar.borretzen@gmail.com) eller [leif.bjarte.halleland@haugnett.no](mailto:leif.bjarte.halleland@haugnett.no)

Ha ein fin ettersommar .

Etne, 25. juli -11.

Sørelva Elveigarlag

Etne Elveigarlag

Leif Bjarte Halleland

Vidar Børretzen

99 58 01 45

97 98 83 54